

Lind.

# MØTEBOK

FYLKESLANDBRUKSSJEFEN I LINDÅS
00000 25.02.87
Saksnr.:
Saksbehandlar:

Side

Landbruksnemnda	Fylkeslandbruksstyret
Møte 18.2.1987	Sak 12638600138 DEL
Reg.nr. 9 og 20/87	Tidl. sak

Brev, dags. 05.01.87 og 12.01.87 frå Alvhild Tvedt, 5100 Isdalstø. Det vert her klagt på handsaminga av sak 12638600138 i landbruksnemnda 15.12.1986.

Klagaren har rett i at det her er gjort feil frå landbrukskontoret. Det som er rett er:

Gnr. 29, bnr. 7 er tidlegare delt frå gnr. 29, bnr. 5. Førre eigar av dette bruket, Magnus Hauge, som er ein av arvingane, har no skøytt bnr. 5 til sonen, Kåre J. Hauge, som har sagt seg interessert i å kjøpa bnr. 7 attende til hovedbruket.

Også ein annan nabo, Olav P. Hauge har sagt seg interessert i å kjøpa bnr. 7.

Då arealet har interesse til jordbruk (beite), fann landbruksnemnda at det ikkje var driftsøkonomisk forsvarleg å dela eigedomen i 4 fritidseigedomar, og tilrådde at heile eigedomen skulle gå attende til hovedbruket, bnr. 5.

Saka vert lagt fram for landbruksnemnda utan tilråding.

Samrøystes vedtak:

Landbruksnemnda i Lindås held fast ved at eigedomen ikkje bør delast.

FYLKESLANDBRUKSSJEFEN  
PAL/1a

Deling av gnr. 29 bnr. 7 i Lindås.

Saka vert handsama av fylkeslandbrukssjefen etter fullmakt frå fylkeslandbruksstyret 21.04.87.

Fylkeslandbrukssjefen syner til landbruksnemnda sine møtebøker frå 15.12.86 og 18.02.87.

Vidare vert synt til brev av 05.01., 12.01. og 27.02.87 frå Alvhild Tvedt.

Av opplysningane i saka går det fram at eigedomen er på ialt 34 da. Av dette er 15 da rekna som overflatedyrka jord. På bruket står eit naust og ein gamal driftsbygning. Eigedomen er søkt delt i 4 parsellar slik: parsell A ca. 15 da, parsell B ca. 5 da, parsell C ca. 9,5 da og parsell D ca. 7,5 da.

LINDÅS, 21.04.1987 Fylkeslandbrukssjefen
00023 22.04.87
Arkiv nr. 29-7

Sign. (Lbn.) <i>Edu Holmås</i>	Sign. (Fl.st.)	Utskrift sendt til: Fylkeslandbrukskontoret Alvhild Tvedt
-----------------------------------	----------------	---